



Rita Arneberg lengst til høgre var med og planla institusjonen

Ein viktig institusjon i Uskedalen, som til dagleg vert kalla personalbasen, har feira sine første 20 år i dag - med flagget til topps og servering av kaffi og marsipankake!

Feiringa har vore prega av

at dette er ein god arbeidsplass med eit godt miljø og at den mykje omtala integreringa fungerer bra i Uskedalen.

Ein viktig milepel vart passert med flyttinga av senteret frå Myro til Hagetunet. Ein tidlegare viktig milepel var i 1999 då heimesjukepleie og heimhjelp vart sameina med det andre tilbodet.



[Leiar Line taranger og2 som har vore med sidan starten: Eva Karin Haugland og Mari Haugland](#)

Hagetunet personalbase har i dag 22 tilsette og av dei er 'det 7 sjukepleiarar, 1 vernepleiar, 8 helsefagarbeidarar og resten vikarar. 6 av dei ansatte har vore med heilt frå starten, noko som i seg sjølv ber bod om eit godt arbeidsmiljø sjølv om arbeidstilhøva var trangbodde i Myro. Dei 6 er Eva Karin Haugland, Mari Haugland, Anne Berit Huglen, Solveig Hageland, Kristine Legland og Marit Bakke.



[Eva Karin Haugland serverar kaffe til Esther Mørstad, Arnhild Myklebust og Ingrid Skarsjord](#)

Leiar Line Taranger kom i 1998.

- Vi er glad for å ha fått større plass. Det betyr til dømes at vi no har nattevakt med eige soverom og eg har fått eit kontor der eg kan lukke døra seier Line. Leiinga har invitert både tilsette, tidlegare tilsette, vikarar og brukarar til jubileumsferinga. Også frå kommuneleiinga i Rosendal kom det besøk - verksemdsleiar Leif Kongestøl kom med blomar.

Ein annan som synest

det er særleg triveleg å sjå 'basen' i dag er noverande fagkoordinator i kommunen Rita Arneberg, som var med og planta han saman med Venke Vetthus..

Den reint praktiske bggjeoppgåva i 1991 var det Bjørn Ove Sunde som sto for. Den gongen vart det 6 leilegheiter i Myro medan det no er 7 der og 11 i Hagetunet..

Det var HVPU-reformen som utløyste prosjektet og målsettinga var at dei utviklingshemma skulle ut av institusjonane. Uskedalen er eit døme på at ein har lukkast bra.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen